



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd

Onsdag 21. august 2019 kl. 18.00

i kommunestyresalen

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant (ordførar) Tarjei Gjelstad

I.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Fråfall:

Håkon Birkeland, Gunn Karin Eikåsen, og Kommunerepresentant (ordførar) Tarjei Gjelstad

Møtet vart leia av nestleiar Magnhild Vaagen Kvalbein.

Møyfrid Lunde delte Ord for dagen.

Kaffi ved Hans Kristian Aabø.

Presentasjon av trusopplærar og sekretær Brit Helen Finstad under kaffi.

Mail kopi innkalling og referat til NY revisor Hilde Vatnar.

(Referat sendes i tillegg til rådmann Øystein Tveit, kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland og prost Asgeir Sæle)

Oversikt over saker:

Sak 46/19, SR	Innkalling og saksliste
Sak 47/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 12.06.2019
Sak 48/19, SR/FR	Post og meldingar
Sak 49/19, SR/FR	Kyrkjevalet 2019
Sak 50/19, FR	Rekneskapsrapport jan-juli 2019 med budsjettjustering
Sak 51/19, FR	Forslag til driftsbudsjett 2020
Sak 52/19, FR	Tenesteytingsavtala med kommunen
Sak 53/19, FR	Kjøleaggregat for bårhusa
Sak 54/19, FR	Avtale om bruk av Kviteseid gamle kyrkje
Sak 55/19, FR	Klokkeautomatikken i Kviteseid
Sak 56/19, SR	Medarbeidarfest
Sak 57/19, SR	Folk utan rett til opphald
Sak 58/19, FR	Utlysing vikarstilling for sjukemeldt
Sak 59/19, FR	Anlegg for lyd og teleslynge til Fjågesund kyrkje (lagt fram under møtet)

Sak 46/19, SR	Innkalling og saksliste	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 14.08.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>Det ble meldt inn ein tilleggssak under eventuelt.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege, med ein tilleggssak, sak 59.</p>		
Sak 47/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 12.06.2019	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 12.06.2019, sendt ut på mail 21.06.2019, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 48/19, SR/FR	Post og meldingar	KS
<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement (<i>med kursiv er ferdig</i>) <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Avskjedskonsert 29.06.2019 ved Organist Dagfinn Køhn der han har invitert og fått ja frå mange gamle kyrkjekorsongarar. Han har og fått med seg musikarar.</i> b. Felleskyrkjeleg sangmøte er planlagt til søndag 29. september i Kviteseid kyrkje. Tilreisande songar er Arvid Pettersen. Fredheimkoret deltek og. c. Olav Mosdøl og Gunstein Draugedal arbeidar med ein konsert som kan koma tidleg i november. (Det vert ingen annan Allehelgenskonsert.) 2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Innspurten med flishogging til gamlekyrkja gjekk litt tregare enn forventa, men er når møtet haldast, nådd 4000 flis, noko vi trur kan vere nok. Legging på taket startar når alle førebuingar og folk ar på plass. 4500 flis er ferdig kløyva. Det vert Halvor Bjåland og Aksel Andersen som legg flisene, med fleire assistentar etter behov. Arbeidet på tårntaket på Brunkeberg kyrkje skal gjerast av dei same, i haust viss ein rekk det før vinteren set inn. 3. <u>Investeringsprosjekta for 2019:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje (Prosj. 19.1 og 19.b): Arbeidet er når møtet haldast ferdig, og alarmer er knytta til 110-sentralen i Tønsberg. b. Renovering av blyglas i Kviteseid kyrkje (Prosj. 19.4): Halvor Nyland har tatt ut eit stort vindaug og er i gang med restaurering av det. Vi har budsjettert med to slike i 2019. c. Carport og HC/WC ved bårehuset i Kviteseid (Prosj. 19.5) Vi har felt nokre store furutrær. Entreprenør har (truleg) starta gravearbeid. Restaurering av toaletta og ombygging til HC-WC startar og vonleg i aug/sept. 4. Ein tilsett nå over på AAP og har difor fått redusert si stilling frå 100 % til 50 %. For vikar, sjå eigen sak. 5. Minilastar av merke Kramer tok vi imot 18. juli. Med på kjøpet er også ein liten brukt hengar med hydraulisk tipp som vi vonar vil bli tenleg. 6. Kyrkjevevja tar ferie og fridagar i tre veker etter at resultatet frå kyrkjevalet er rapportert inn. 		

7. Ny trådløs mikrofon er kjøpt inn til Kviteseid kyrkje etter fleire månader med problem og feilsøking. Ny berbar PC er kjøpt inn til ny organist, og det vurderast ny til sekretære og trusopplæring òg.
8. Brev frå Norges Kristne Råd om kyrkja sitt ansvar for barns rettigheter. Brevet er vedlagd. Her er linken til uttala: <https://norgeskristnerad.no/wp-content/uploads/2019/02/Kirkens-ansvar-for-barns-rettigheter.pdf>
9. Informasjon frå prostidiakonen om pilegrimsvandringa 'Å vandre med håp 2019' (2 vedlegg)
10. Kyrkjeverja har sendt søknad til kommunen om skilting til Kviteseid sokn utanfor kommunehuset.
11. *Invitasjon er sendt ut til om lag 80 av 86 gullkonfirmantar vi har funne rett namn og adresse til. Komiteen har eles ikkje vore samla til planlegging.*

Sak 49/19, FR

Kyrkjevalet 2019

HB

Diverse informasjon:

1. [Opplæringsfilmer for stemmemottakere er klar](#). Valstyret og valfunksjonærane må sjå gjennom desse. Du finn også skrifteleg vegleiing nedst på sida.
2. Annonse om førehandsrøysting og valet var i VTB 6. august (førehandsrøysting frå 10., i praksis frå måndag 12. august)
3. Plakatar er hengd opp på KOS og Midtsundtoppen.
4. Valmaterieill er klart: Valmanntalslister, stemmesetlar for sokneråd (1 liste) og for bispedømeråd (3 lister), konvoluttar, stempel, valurner og ymse plakatar.
5. Vi har motteke stønad på kr 34.000 for gjennomføring av valet.

Valghåndboka: <https://dkr.kirken.no/documents/10579/205504/Valgh%C3%A5ndbok+-Kirkevalget+2019/9207360b-adf8-4ae7-84c6-0666eb5b4127?version=1.0>

Vi gjentek oversikta vedteken i juni:

Valstyret for kvar plass er utheva. Den understraka er lear.

Kviteseid	Sund. 08.09.	kl.15.00-18.00	2	Håkon Birkeland	Marit Gotuholt
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2	Møyfrid Lunde	Marit Gotuholt
Kviteseid	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2	<u>Vidar Svrtveit</u> <u>Mikalsen</u>	Gunn Karin Eikåsen
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 12.00-16.30	2	Håkon Birkeland	Hanne Roholdt
Vrådal	Mond. 09.09.	kl. 16.30-20.00 + oppteljing	2	Birger Skipar	<u>Hanne Roholdt</u>
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 12.00-15.00	2	Anna Dorthea Heggveit Henrikse.n	Reidun Øvrebø Fisketjønn
Brunkeberg	Mond. 09.09.	kl. 15.00-20.00 + oppteljing	2	<u>Inger Lise Berge</u>	Reidun Øvrebø Fisketjønn

Det vert førehandsrøysting fyljande stader og tider:

- På kyrkjekontoret 10. aug.- 6. sept. kl. 10.00-13.00
- På Kviteseid omsorgssenter 5. sept. kl. 10.00-12.00
- På Midtsundtoppen 5. sept. kl. 12.00-13.00
- Ambulerande 5. sept. kl. 13.30-15.00. Denne siste må bestillast seinast 3. sept. kl. 15.00 til kyrkjeverja (97047860)

Kven ordnar til kaffi/mat til valfunksjonærane?

VEDTAK:

Kyrkjekontoret ordnar med påsmurt mat og drikke til valfunksjonærane. Dei ordnar sjølv med kaffi. Hanne Roholdt og Inger Lise Berge snakkar med ansvarlege 'eigarar' av vallokala i hhv Vrådal og Brunkeberg.

SR etterlyser presentasjon av kandidatane til Bispedømevalet. Finnes slikt, leggjest det ut på heimesida og FB @kyrkjetrappa.

Sak 50/19, FR

**Rekneskapsrapport jan-juli 2019 med
budsjettjustering**

KS

Rekneskapsføraren i kommunen har på oppmoding levert rekneskapsrapport for jan-juli 2019. Resultatet så langt i år syner eit samla driftsunderskot på kr 296.000.

Tilskot frå kommunen er i rapporten periodisert til 7 mnd mens det eigentleg er utbetalt for 8. (Merket blått på kvar avdeling på vedlegget). Det gjer eit meir korrekt bilete, men er ikkje faktiske høve. Vidare kan nemnast at mykje fakturering og dermed inntekter kommer seint på hausten

Avdelingsvis syner rapporten dette (NB: på *vedlegget* er inntekt ført som negative tal):

- **110 Administrasjon** har eit positivt driftsresultat på kr 69.200 mot budsjertt kr 19.250 og kr 56.000 i same periode i 2018.
- **111 Kyrkjer** har eit negativt driftsresultat på 224.600 mot budsj. -10.500 og -54.000 i 2018. Her er det hovudsakeleg vedlikehald av utstyr som er blitt høge.
- **112 Kyrkjegardar** har eit negativt driftsresultat på nær kr 220.000 mot budsj. -12.800 og -53.000 i 2018. Hovudårsaka her er at FESTEAVGIFT ikkje fakturerast før til hausten og betalast i nov-des.. Nokre store tal er også momsfeilen frå 2018 som vi dreg med oss. Lønnskostnadar er høge grunna sjukemelding og utbetaling både til fast og til vikar, men det blir veid opp av refusjon frå nav.
- **113 Andre kyrkjelege føremål** har eit positivt driftsresultat på kr 65.600 mot budsj. negativt på kr 13.400. I 2018 var resultatet kr 5000 i same periode.

Budsjettjustering er naudsynt nå av to grunnar: 1. Vedtaket i juni om bruk frå disposisjonsfondet (Sak 40/19) må ha ei tilføyning. Transaksjonane må innom driftsbudsjettet, og 2.: kjøpet av maskinen til kyrkjegardsarbeidet er gjort nå i sommar, mens noko av finansieringa fyrst kjem i 2020 og må difor forskotterast. I på-vent av investeringstilskot for 2020, forskotterast kr 190.000 frå disposisjonsfondet. Rådmannen påpeika i eit møte at heile investeringa burde vært i investeringsbudsjettet, men at det ikkje var noko i vegen får å ta noko frå drifts-fondet som vi har gjort (kr 140.000). Heile summen på kr 330.000 må innom driftsrekneskapet og altså både inntektsføres og utgiftsføres der. Tilsvarende justering må òg gjerast på investeringsbudsjettet for 2019.

Desse justeringane kjem ikkje fram frå driftsrapporten i dag (jan.-juli), då dei er gjort i august, men tilbakeført til juni.

Vedlegg: Driftsrapport 2019.1-7

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek driftsrapporten til vitande.

Driftsbudsjettet for avdeling 112 Kyrkjegardar justerast opp med kr 140.000 på konto 19501, kr 190.000 på konto 19401 og kr 330.000 på utgiftskonto 15700. Det reviderte driftsbudsjettet

balanserer da fortsatt slik det skal. Investeringsbudsjettet regulerast med kr 330.000 på kontoane 02303 og 09701.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 51/19, FR

Forslag til driftsbudsjett 2020

KS

Forslag til driftsbudsjett for 2020 balanserer med inntekter og utgifter på kr 5,22 mill. kr. Det er ein auke på 5,7 % (kr.285.000) frå 2019. Av dette er auken på kommunalt tilskot kr 85.000. Det svarar til ein auke på 2,6 % frå kr 3.258.000 til kr 3.343.000. (Frå 2018 til 2019 var auken på 2,9 %, kr.80.000)

Budsjettet har ein del endringar på personale etter nye tilsettingar og stillingsstorleiker frå august 2019. Organist er tilsett i 70 % stilling mot 100 % på førre organist, og trusopplærar er tilsett i 50 % stilling mot tidlegare 15 %.

For å få meir korrekte driftsresultat på kvar av dei 4 avdelingane, er det endra på storleiken av det kommunale tilskotet internt mellom avdelingane. Kr 50.000 er redusert på kap. 110 *Kyrkjeleg adm.*, kr 150.000 er redusert frå *kpt. 111 Kyrkjer* og kr 200.000 er tilført *kpt 113 Andre kyrkelege formål*. *Kpt. 112 Kyrkjegardar* har ikkje endring på tilsette som får budsjettfylgjer. Desse flyttingane får difor ikkje fylgje for kommunen sine tilskot til andre trussamfunn. Rådmannen har i juli blitt orientert om desse endringane.

Lønsoppgjøret i KA nå i sommar var solid, til trass for at det berre var eit mellomoppgjør. Alle tilsette (utanom kyrkjevevja, som ikkje regulerast sentralt) har fått eit sentralt kronetillegg for full stilling frå kr 9-15.000 frå 1. mai, og ny garantiløn frå 1. august 2019 med en auke på kr 10-35.000.

Samla sett har vi frå budsjettet for 2019 til 2020 auka stillingsstorleiken med 5 % (0,05 årsverk), men faste gåver dekker 15 %, så tilskotet frå kommunen for løn er redusert med 10 % (0,1 årsverk).

Driftskostnadane er auka betydeleg, det meste på avdelingane *111 Kyrkjer* og *113 Andre kyrkelege formål*. Det er nå meir korrekt og realistisk samanlikna med kostnadane dei siste åra.

Budsjettforslag for 2020 skal berre vedtakast som forslag til budsjett som grunnlag for bevilling frå kommunen. Soknerådet sitt endelege budsjett vedtakast i januar 2020 etter kommunale løyvingar i desember 2019.

Tenesteytingsavtala er oppe til revisjon (sjå eigen sak). Om beløpet der endrast vesentleg, får det ikkje fylgjer for driftsgrunnlaget for kyrkja, fordi det berre er kalkulatoriske tal som er like på både inntekts- og utgiftssida.

Vedlegg: Forslag Driftsbudsjett 2020 (detaljert utgåve og kort utgåve)

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek å sende det framlagte forslaget til budsjett for 2020 til kommunen som grunnlag for kommunalt tilskot til drift av Kviteseid sokn i 2020.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 52/19, FR	Tenesteytingsavtala med kommunen	KS
----------------------	-----------------------------------------	-----------

Kviteseid kommune og kyrkja har ei avtale om tenesteyting. Den skal vere spesifisert og talfesta. Den fyrste avtala vart teikna i år 2000, tre år etter at den gjeldande kyrkjelova trådde i kraft. Talfestinga vart seinare revidert i 2010.

Mykje har endra seg sidan då, særleg omfanget av rekneskapsføringa. Talet på bilag har meir enn dobla seg etter at Kviteseid sokneråd tok over for Kviteseid kyrkjelege fellesråd, revisors pålegg om meir detaljert føring, og som ein fylgje av at soknet er blitt momspliktig.

Forslag til ny revidert tenesteytingsavtal leggjast her fram for soknerådet. Avtala må òg handsamast av kommunestyret viss dei ikkje vel ein enklare handsaming fordi det berre er ein revisjon.

Kyrkjeverja har arbeida med å hente inn nye tal for avtala. Summen på talfestinga før alle detaljer er på plass, er meir enn dobling frå dagens 148.000 som har stått sidan år 2000.

Det er naturleg at det gjerast vedtak om hovudavtala i soknerådet og kommunestyret, men at talfestinga skjer i samråd mellom rådmann og kyrkjeverje.

*Vedlegg: Tenesteytingsavtale –NY hovudavtale 2019/2020
Tenesteytingsavtala talfesta 2019/2020.*

Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet vedtek ny tenesteytingsavtale, men ser at det kan bli justeringar etter samtale med kommunen. Talfesting av avtalen overlatast til kyrkjeverja og den kommunen vel, i fellesskap.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek ny tenesteytingsavtale. Talfesting av avtalen overlatast til kyrkjeverja og den kommunen vel til å sjå på saka, i fellesskap.

Sak 53/19, FR	Kjøleaggregat bårhus	HB
----------------------	-----------------------------	-----------

Vi har i dag bårhus i Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen. Til kvart bårhus er det eit kjøleanlegg. I Kviteseid vart vi i 2016 nøydde til å skifta kjølemaskinen (ute-delen). Det hadde ein samla kostnad på kr 66.600,- (53.000 etter refusjon av moms).

Alle anlegga utanom Kviteseid er gamle og slitte. Dei har nok fungert rimeleg bra i mange år, men er bygd på ein måte som verker heilt feil i forhold til dagens byggemåte. Det vi på private luft til luft-anlegg kallar 'ute-delen', er på fleire stader plassert i små tronge bodar med for lite ventilasjon for varme dagar. Då blir rommet for varmt, og kjøleaggregatet arbeidar svært tungt.

Nokre av anlegga er veldig sjeldan er i bruk.

Her er eit lite skjema over gravferder med båre på dei forskjellige stadene. Det kan hende at Kviteseid har vore i bruk sjølv om gravferda har vore ein annan stad, så biletet er ikkje heilt korrekt.

År	Pr juli 2019	2018	2017	2016	2015
Kviteseid	12	11	12	16 x	13
Brunkeberg	3 x	2	10	10	14
Vrådal	1	6	9	10	8
Fjågesund	1 (x)	1	2	1	1
Kilen	0	0	2	0	1

På forsommaren i år svikta anlegget i Brunkeberg. Då hadde vi fagfolk til å sjå på det. Det er heilt klart at det må skiftast. I Fjågesund stoppa det nå i juli mens det var i bruk i ein varm periode, så ei bære måtte flyttast til Kviteseid. Det var uheldig, men vart ordna greitt. Anlegget i Fjågesund viser seg fungerer fortsatt på kjølegare dagar.

Anlegget i Vrådalen er kontrollert av oss og er funne i orden, men er av same type og om lag same alder som dei andre, så det er eit tidsspørsmål kva tid det òg vil slutte å virke. Kjøleanlegget i Kilen er òg kontrollert og funne i orden.

Kviteseid sokn eller tidlegare fellesråd, har ikkje hatt nokon service-avtale på kjøleaggregata. I følge fagfolk som nær har monopol på slike anlegg i øvre Telemark, er vi pålagd å ha slike service-avtalar. Kyrkjevevja meiner slike pålegg berre gjeld når kjøleanlegg er knytt til mat og matproduksjon på storkjøkken og spisestader, og ikkje på bårerom. Kyrkja skal berre ha tenlege rom med rett temperatur. Kommunen er pålagd samla sett å ha ein viss kapasitet for større katastrofer. Det har dei med kyrkja sine rom og KOS.

Generelt er det lite lovgiving rundt bårerom og oppbevaring av døde fram til gravferd, i følge konsulent på bispedømekontoret. Vi har funnet fram til ein gamal formulering hos

Hesedirektoratet (som ikkje står der i dag):

Den som har forvaltningsansvaret for helseinstitusjon, bør ved dødsfall i institusjonen ha rutiner som sikrer at liket etter emballering blir oppbevart i egnet rom hvor temperaturen ikke overstiger 4° C. Rommet skal holdes ryddig og rengjøres regelmessig.

Tilsvarende plikter har den som har forvaltningsansvaret for bårerom, mottakskapell eller lignende knyttet til kirkegård.

Vi undersøker nå moglegheita av å installere mindre varmpumper som i privathus, om dei kan gjere romma kalde nok. Det vil bli vesentleg rimeligare. Elles må vi ha anlegg som det som vart montert i Kviteseid i 2016.

Staben på kyrkjekontoret har drøfta saka og tilrår at Fjågesund brukast berre så lenge aggregatet fungerer, og elles berre vinterstid utan kjøleanlegg. Når det trengs brukast bårerom i Kviteseid i staden for Fjågesund. I Brunkeberg og Vrådalen må det til båreromma vera kjøleanlegg som fungerer og er pålitelig, som i Kviteseid.

To nye anlegg med same storleik som i Kviteseid, kan vi ta over investeringsbudsjett med omprioritering der (samla over kr 100.000). Mindre anlegg kan tas over driftsbudsjett. Det same må vi òg for innkjøp av eit større anlegg som til dømes til Brunkeberg som bør ha nytt nå.

Kyrkjevevja vurderer å teikne serviceavtale for alle kjøleanlegga, sjølv om det vert ein ekstra kostnad. Tilbod på dette innhentas nå.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek at kjøleanlegget for bårerom i Fjågesund ikkje vert reparert når det endeleg stoppar. Brunkeberg og Vrådalen må til ein kvar tid ha bårerom som er brukbare heile året, som i Kviteseid.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 54/19, FR	Avtale om bruk av Kviteseid gamle kyrkje	HB
<p>Kviteseid sokneråd eller tidlegare fellesråd har ikkje hatt ein signert avtale med bygdetunet / Vest Telemark museum. No er forslag til dette laga med utgangspunkt i ein gamal avtale som aldri vart signert. Kyrkjeverja meiner dette forslaget er godt og noko vi kan leve godt med i mange år.</p> <p><i>Vedlegg: Forslag til avtale om bruk av Kviteseid gamle kyrkje.</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet godkjenner det framlagde forslaget til avtale mellom Kviteseid sokneråd og Kviteseid bygdetun/Vest-Telemark museum.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet godkjenner det framlagde forslaget til avtale mellom Kviteseid sokneråd og Kviteseid bygdetun/Vest-Telemark museum med nokre endringar og presiseringar.</p>		
Sak 55/19, FR	Klokkeautomatikken i Kviteseid	HB
<p>Hans Kristian Aabø har meldt inn spørsmål om automatikken på kyrkjeklokkene i Kviteseid. <i>Eg var på gravferd i Kviteseid kyrkje, ... Eg opplevde klokkeringinga som framand. Var no ..seinare.. i gravferd i Brunkeberg og skjønna forskjellen. Ringinga i Kviteseid for gravferd omlag 11:55-12:00. Det ringa lenge! og eg lika ikkje dei tunge slaga i klokka. Eg vart sitjande å telje slaga, og håpa lenge at dei no måtte vera ferdige.</i></p> <p>Staben har òg lagt merke til dette, og kyrkjeverja tenkte sjølv som Hans Kristian i same gravferda i Kviteseid, at det ringte lenge og hardt. Staben har og snakka om andre forhold. Det er hovudsakeleg to måtar å ringe på med automatikken. Ein kan bruke displayet på veggen, slik det var gjort i dette tilfellet, eller ringe med fjernkontroll. Og det er to måtar å få klokka til å ringe på. Det er ved å kople inn ein hammar som slår på enkeltslag på klokka som står roleg (for 3 eller 3x3 slag), eller ein set i gang pendling på klokka slik at kolben inni klokka slår.</p> <p>På styringseininga er det eit val som heiter ‘Klemt ved sorg’. Det er enkeltslag, litt seinare enn vanleg ringing. Det er ein type ringing vi ikkje har bruka i Kviteseid tidlegare, men tenkte å prøva sidan det var eit val / ein funksjon som er vanleg andre stader. Meiner den ringinga varer i 5 minuttar. Då den i nemnte gravferd kanskje vart starta kl. 11.56, verka det lenge før den stoppa. Andre sider av saka er at det verker som om mykje av ringinga er mykje hardare / kraftigare slag enn det vi en vane med, og et det er eit relé som høyrer godt før kvart slag. Spesielt når det er stille i kyrkja, vert releet forstyrrende, og dei harde slaga uvante.</p> <p>Når ein ringer ved hjelp av den handhalte fjernkontrollen, er det hovudsakeleg for ringing når gravferdshandlinga på kyrkjegarden går mot slutten. Med denne fjernkontrollen går det òg ann å starte og stoppe vanleg ringing. Ein kan då til dømes ringja i 2-3 min. Releet vil uansett slå ut og lage lyd.</p> <p>Eit par andre ting å tenke på ar at ringing før ei gudsteneste skjer med opne luker i tårnet, for å kalla folk til messe. Ringing etter kl. 11, treng ikkje vera så høg. Lukene kan då lukkast. Ved å halde dører igjen vil det og bli rolegare.</p> <p>Kyrkjetenarane har ikkje fått prøvd ut og undersøkt alle moglegheitene enda.</p> <p>Olsen-Nauen klokkestøyper forklarar litt per telefon etter spørsmål:</p>		

- Forstyrringa som releet lagar er mest ein vanesak som hørest best når det er stille i kyrkja elles. Viss ein ynskjer det, kan ein laga ein kasse rundt styringseininga for å dempe lyden av releet. Jo tettare den er, desto meir vil den isolere. Det vil og hindre litt at uvedkomande fingrar med utstyret.
- Det går ann å justere litt på kor hardt hammaren skal slå. Det kan vi få vegleing til å gjere sjølv om vi ynskjer. Det er ein mekanisk justering som kan gjerast.
- Staben meiner klokka har eit mykje større utslag for kvar ringing no i forhold til tidlegare. Det er korrekt. Mens det før var snakk om 35-50°utslag, er det nå 60-80°. Med denne typen oppheng er det ikkje motveker på klokkene, og ein må då ha større utslag for å få god ringing, og då vert også slaga hardare. Det som går ann å gjere om ynskjeleg, er å sette på motvektslodda igjen. Resultatet vil bli mindre pendelutslag og svakare ringing.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet ber staben vurdere

1. eit skap rundt styringseininga for å dempe lyden frå releet
2. nokre justeringar på hammar og pendelutslag

Soknerådet er innforstått med at det trengs litt tid til tilvenning både for dei som er i kyrkja, og for dei som skal betene utstyret.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 56/19, SR

Medarbeidarfest

HB

Sokneprest, kyrkjeverje og leiar av soknerådet ynskjer å invitere til medarbeidarfest hausten 2019 for å takke frivillige medarbeidarar for godt utført teneste i denne soknerådsperioden. Dei utgjer komité for festen.

Då tenker vi å invitere Soknerådet, Kyrkjelydsutvala, Diakoniutvalet og dei som er med på tilsvarande, Trusopplæringsutvalet, Frivillige kyrkjetenar, klokkarar og forbedarar og Frivillige medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet.

Fleire personar er med i fleire av desse gruppene. Det kan bli mellom 50 og 70 som inviterast.

Trusopplæringsutvalet hadde for 1,5 år sidan ein medarbeidarfest for frivillige i trusopplæringsarbeidet. Ein tilsvarande fest kom det noko i vegen for sist vinter. Vi ynskjer difor til frivillighetsfesten i haust å inkludere alle dei som på ein eller annan måte er med som frivillige i arbeidet med dei unge.

Komiteen finn plass for festen, syter for innbyding, mat, tale og underhaldning. Vi prøver å få til dette 17. oktober.

Det er snakk om ein slik fest i kvar valperiode som denne soknerådsperioden 2015-2019. No er det snart val, og nytt sokneråd tar til i november 2019. Mange andre frivillige held fram med si teneste sjølv om det vert utbytingar i soknerådet.

Tilskotet til Kyrkjevalet 2019 vil kunne dekke kostnadane til arrangementet.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet set pris på tiltaket, ser fram til festen og godkjenner at det med dette vert ein ekstra kostnad.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 57/19 SR**Folk utan rett til opphald****HB**

Bjørn Werner Nilsen sendte 5. august 2019 fylgjande mail ut til alle kyrkjelyder i Den norske kyrkja

Emne: Mennesker uten rett til opphold i verden.

Til alle menighetene i Den norske kirke.

Vi har statlig mottak i vår kommune, Nome, og verden kommer tett inn på oss. Det berører oss på ulikt vis, og politikerne har ikke lenger den posisjon at de kan være fanebærere uten at det er et visst politisk grunnlag for en sak i befolkningen.

Innvandringen er en sak som lett bare polariserer befolkningen, så det er på kort sikt lettest å leve etter munnhellet "Det som ikke snakkes om, finnes ikke." Det er lett å abdisere fra sitt samfunnsansvar, for en skal være mer enn klok for å overskue samfunnsmessige konsekvenser i tredje og fjerde ledd.

Kirken er kanskje en samfunnsaktør som kan bidra til å bevege politikere når det gjelder behandlingen av statsløse som kommer til Norge, på samme måte som kirken betydde noe for Norges håndtering av mennesker som kom hit under Balkankrigen. Vi håper det.

De menighetsråd som ønsker at Norge skal oppfylle sine forpliktelser overfor statsløse i henhold til FN-konvensjonene (som Norge har sluttet seg til) og som ønsker å tilkjenne dette overfor våre folkevalgte, anmodes om å sende en epost til regjering og storting om dette så snart som mulig, gjerne med kopi til oss.

Skal vi i Kviteseid vera med på dette?

Vedlegg: Kopi av mail om menneskerettigheter

Forslag til vedtak: Ingen

VEDTAK:

Møyfrid Lunde, Magnhild V Kvalbein og Kristen Salmelid skriv i fellesskap om brevet noko før det sendast ut til dei oppgitte mailadressene til stortingsrepresentantar.

Sak 58/19 FR**Utlysing vikarstilling for sjukemeldt****HB**

Ein av fagarbeidarane våre har no vore 50 % sjukemeld i over eit år av sin 100 % stilling. Vi har dette året løyst behovet for arbeidskraft med forlenging av ein sommaravtale til uti oktober, tilsetjing på timebasis til og med januar, og ein fast vikar på månedsbasis (for kvar sjukemelding) ut august. *Vikaren hadde full stilling frå mai til august, og erstatta då òg ein sommarhjelp.*

Den sjukemelde har nå fått eit vedtak frå NAV på AAP for eit heilt år (*til 16.07.2020*). Det er då naturleg at vi lyser etter ein vikar i 50 % stilling i eit år.

Den sjukemelde har ein delt stilling mellom kyrkjetenar (20-30 %), og kyrkjegardsarbeidar. Sjukemeldinga gjeld etter avtale berre den siste delen.

Det er ynskjeleg at PU (Partssamansett utval) eller AU (Arbeidsutval) er med og ser på utlysingstekst, søknadar, intervju og tilsetjing.

I følgje delegasjonsreglementet har kyrkjeverje berre lov å tilsetje vikar for mindre enn 6 mnd.

PU kan gjennomføre intervju og innstille til tilsetjing.

I PU er det den sjukemelde sjølv som er dei tilsettes representant. Det kan vere uheldig i dette tilfelle.

Kyrkjevevja foreslær difor at soknerådet setter ned eit eige lite utval til denne saka, bestående av soknerådsleiar Håkon Birkeland, fagarbeidar Håkon Heggtveit (som kjenner arbeidet og kan representere dei tilsette), og kyrkjevevja.

Det kan vere hensiktsmessig å få ut utlysing i VTB snarast råd for om mogleg å få til tilsetjing tidleg i september.

Det er klart at noverande vikar sidan februar kommer til å søkje, men andre må òg få anledning. Soknerådet kan delegera tilsetjinga til utvalet, eller berre be om innstilling.

Forslag til vedtak:

For tilsetjing av vikar for kyrkjegardsarbeid set soknerådet ned eit utval bestående av soknerådsleiar Håkon Birkeland, fagarbeidar Håkon Heggtveit og kyrkjevevja. Utvalet får fullmakt til å gjere tilsetjing i denne saka for inntil eit år.

Handsaming under møtet:

Utlysinga vart laga i samarbeid med soknerådsleiar og den sjukemeldt, og sendt NAV og VTB før møtet. Soknerådet drøfta habilitetsspørsmål.

VEDTAK:

For tilsetjing av vikar for kyrkjegardsarbeidar set soknerådet ned eit utval bestående av soknerådsleiar Håkon Birkeland, fagarbeidar Håkon Heggtveit og kyrkjevevja Kristen Salmelid. Utvalet får fullmakt til å gjere tilsetjing for inntil eit år i denne saka.

Sak 59/19 FR

Eventuelt

HB

Ettermeldt og lagt fram skrifteleg under møtet:

Lyd-anlegg og teleslynge til Fjågesund kyrkje.

Fjågesund kyrkje har vore utan nokon form for lyd-forsterking i over 100 år. Noko lyd-forsterking OG teleslynge vil gjere det lettare for mange å høyre.

Eit lite anlegg kan bestå av trådlus mikrofon, ein liten 4-6 kanals miksar, høgtalar(ar), forsterkar (viss passive høgtalarar utan innebygd forsterkar), teleslyngeforsterkar (gjerne digital), og eit veggmontert rack (skåp) til å samle utstyret i.

Kostnad kan vere 40-50.000 kr.

Finansiering kan ordnast slik: Vi skriv i kyrkjebladet om saka og gjer folk anledning til å gje på vedlagt giro. Ein forsøker å skapa engasjement for saka i Fjågesund ved å skriva om det i lokal-avisa dei har der. Ein kan ta noko over drift i 2019 og noko i 2020. Vi kan vente med å bestille noko før minst 50 % er samla inn.

VEDTAK:

Soknerådet støtter saka slik den er framlagt. Vi har ikkje dette på budsjettet, så det er viktig at om lag 50 % samlast inn på førehand før noko bestillast.

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: 2. okt., og 20. nov. (fyrste møte for nytt sokneråd. Avtroppande leiar deltek under konstituering) Opplæringskurs for nytt sokneråd ved KA vert i Seljord tysdag 25. februar.